



Ikkje alle har ei songrøyst som Trygve Haugland. Her er han forsongar i sin eigen 90 års dag.

Mange gjester, slekt og vener, var samla i Trygve Haugland sin 90 års dag i Helgheim i går. Jubilanten var sjølv forsongar og song solo på Å, Vestland, Vestland. Trygve Haugland har ei djup og markert basstemme. Han vert ofte bedd om å ta tonen og leia allsongen i forsamlingar. Den eldste gjesten i 90 års dagen var Klara Døssland, snart 101 år.

Bjørgulv Eik sa fram helsing frå Uskedal Musikklag og Uskedal Ungdomslag, to lag Trygve har vore aktiv medlem i. Trygve Haugland var formann i ungdomslaget i flerie år tidleg på 1950 talet. Han er æresmedlem i Uskedal musikklag og kan syna til 40 års aktiv teneste på ulike instrument. Han er tildelt Norges Musikkorps Forbunds Fortenestemedalje for lang teneste. I Røyserett for Alle sine fyrste år var Trygve ein stødig og god korsongar, sjølv sagt på stemma Bass.

Rustne Menn møtte fram med musikk og song, noko jubilanten sette stor pris på.

Det er sjeldan vi har høyrte så god song i Helgheim som ved dette høve. Det vart også synt eit videoopptak frå 17. mai 2015 då Trygve Haugland song Norge mitt Norge solo med tonefylgja av Uskedal musikklag. Det var eit gildt

gjensyn frå ei framføring som den gongen gjorde sterkt inntrykk på mange.

Sigrun og Trygve Haugland er faste gjester på Kafe Tiaren, kvar tysdag heile året. Den siste tysdagen i månaden er det allsong med 90 åringen Trygve som ei god og berande støtte.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Liv Marit Sjø